

Protokoll frå møte i

Askvoll sokneråd

Tid: 13.02.2025 kl. 17:30-19:00

Stad: ASKVOLL, Møterom kyrkjekontoret

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Arnt Johny Langeland	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Tommy Erdal	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Vidar Kaland	Varamedlem

Forfall:

Lillian Gjervik	Medlem
Synnøve Melvær	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Handsama saker:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2025/07		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2025/08		Godkjenning av protokoll frå møte 15.01.2025	Rune Ziener
SR 2025/09		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2025/10		Driftsbudsjett 2025. Endeleg vedtak	Rune Ziener
SR 2025/11		Utlysingstekst for stilling som sokneprest i Askvoll	Rune Ziener

Askvoll, 13.02.2025

Rune Ziener
referent

SR 2025/07 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SR 2025/08 Godkjenning av protokollen frå møte 15.01.2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 15.01.2025.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 15.01.2025.

SR 2025/09 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 03/2025 Festeavgift for gravplassane i Askvoll (oppfølging av M-sak 02/2025)

M 04/2025 Kyrkjelydspedagogstillinga

M 05/2025 Investeringsprosjekta 2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande merknader:

Til M 03/2025: Soknerådet tek kommunens budsjettvedtak med fastsetting av festeavgifta til orientering, men ber kyrkjeverja lage eit skriv til kommunen med presisering rundt formell prosess ved fastsetting av festeavgift.

Til M 05/2025: Soknerådet ønskjer primært ei parkeringsløysing ved Vilnes etter «raudt alternativ» som skissert i synfaringsreferat frå 13.02.2025, men gjerne med noko større parkeringskapasitet enn skissert. Sekundært ønskjer ei løysing etter «gult alternativ».

UTGREIING

Ein viser til sak FR 2025/04 – Budsjett 2025, der ein ikkje fekk lagt fram eit driftsbudsjett i balanse. Soknerådet fatta slikt vedtak til driftsbudsjettet:

2. Askvoll sokneråd set ned eit utval som legg fram forslag til balansert driftsbudsjett til endeleg vedtak i Askvoll sokneråd innan 15. februar.
3. Utvalet er sett saman av arbeidsutvalet med tillegg av Frida Melvær.

Utvalet har hatt eitt møte 21. januar og seinare oppfølging av saka pr. e-post fram mot soknerådsmøtet.

Utvalet knytta i tillegg til dei oppnemnde medlemmene til seg kyrkjeseekretær Hildegunn Helleset i arbeidet.

Utgangspunktet for arbeidet var ei underfinansiering på kr 200.500,- i driftsbudsjettet sin forvaltningsdel (rekneskapsfunksjonane 04100-04300, 08900) som skulle balanserast.

Nye moment:Varmestyring i Askvoll kyrkje kr 78.000,-

Dette var teke ut av førebels budsjett 2025 etter økonomiplanvedtaket i oktober, då ein gjorde budsjettjustering i desember om å anskaffe dette i 2024. Grunna leveringstid fekk ein ikkje dette levert i 2024 som forutsett, men dette kom først i januar 2025, og må såleis verte rekneskapsført i 2025.

Den rekneskapsmessige konsekvensen av dette er at utgiften her kjem i 2025, og må såleis inn igjen i VU-planen, men det vert på den andre sida tilsvarande mindreforbruk i 2024 som kan verte overført til budsjettet for 2025 og disponert her.

Dette er ført under pkt. 8 under.

Festeavgift 2024, bokføring av tap av fordringar 33.775,-

Utan at det har direkte konsekvens for 2025-budsjettet må ein ta omsyn til dette momentet. Ikkje-fornya feste der det er sendt ut festetilbod.

Resultatet for 2024 vert såleis svekka tilsvarande, og det er lagt til grunn frå utvalet si side at ein skal bruke av disposisjonsfond/tidlegare års mindreforbruk for å balansere budsjettet for 2025.

Utvalet har forslag til følgjande enkeltpunkt som skal balansere budsjettet:1) Kutt i møtegodtgjersle til folkevalde

Innsparing: kr 30.000,-

Konsekvens: Dei folkevalde utfører offentleg ansvar på dugnad. Gir og eit dårleg signal m.o.t. framtidig rekruttering til folkevaldarbeid.

2) Intern overføring for meirarbeid i administrasjonen grunna vakanse i kyrkjelydspedagogstillinga

Ein kan gjere som i tidlegare vakanseperiodar å internt overføre nokre lønnskostnader frå trusopplæringa til kyrkjeadministrasjonen grunna meirarbeidet. Ein legg her til grunn 3 mnd med

15% stillingsdel.

Meirinntekt: kr 22.000,-

Konsekvens: Ingen særskilt så lenge det er vakanse i stillinga

3) Redusert utgift på ekstrahjelp/midlertidige kyrkjetenarar og klokkarar

Her er truleg lagt til grunn for høg kostnad i opphavleg budsjett.

Innsparing: kr 20.000,-

Konsekvens: Ingen særskilt.

4) Redusert tenestekjøp - kyrkjer

Vurdere løysingar for å redusere utgifter til tenestekjøp, kyrkjer.

Innsparing: kr 30.000,-

Konsekvens: Ingen særskilt

5) Redusert gravplassvedlikehald

I opphavleg budsjett var lagt til grunn kr 130.000,- her utanom feriepengar. Dette skulle dekke:

- Utgifter til sommarvikar for dei fast tilsette i til saman 70% på fastlandet.

- Utgifter til sesongarbeid/ekstrahjelp på gravplassane Vilnes, Bulandet, Værlandet og evt.

Stongfjorden, Vågane og Gjelsvik av eit omfang på ca. 46% stilling i sesongen (23 veker).

Dette er mindre enn faktisk utført arbeid i 2024 då ein hadde eigen ekstrahjelp også på gravplassane i Stongfjorden, Vågane og Gjelsvik.

Utvalet går for å redusere dette til eit omfang med ferievikar på fastlandet i 5 veker i 50% og sesongarbeid til 36% i 23 veker.

Om ein får til komplett klipping av Askvoll kyrkjegard med nye robotklipparar (ikkje berre på opne areal som tidlegare), vil dette frigjere tid til bruk på resterande plassar på fastlandet.

Oversikt sesongarbeid (mai-sept) med estimert fordeling:

Gravplass	Ca-areal	Tim/%/veke (ny)	Tim/%/veke (gml)
Bulandet	1400	3,75t/10%	3,75t/10%
Vilnes	2600	6t/16%	7,5t/20%
Værlandet	1840	3,75t/10%	3,75t/10%
Uspesifisert		-	2,25t/6%
SUM		13,5t/36%	17,25t/46%

Innsparing: kr 30.000,-

Konsekvens: Ein vil oppleve reduksjon i plenvedlikehaldet gjennom vekstsesongen. Noko avhjelping her med auka bruk av robotklipparar på Askvoll kyrkjegard for gravplassane på fastlandet. For å halde eit tilfredsstillande vedlikehaldsnivå, bør ein kanskje og oppmode til meir dugnadsinnsats på gravplassane.

6) Sal av robotklipparar

Om ein legg til grunn leasing av nye satelittstyrte klipparar til Askvoll kyrkjegard kan ein selge dei eksisterande.

Meirinntekt: kr 25.000,-

Konsekvens: Ingen særskilt om ein leaser nye og meir effektive klipparar.

7) Sjukelønnsrefusjon

Oppjustering etter faktiske sjukmeldingar

Meirinntekt: 6.000,-

8) Justerte punkt til utgiftsauke

Revisjon auke kr 1000,-

Kjøp av varmestyringssystem Askvoll kr 78.000,-

9) Bruk av disposisjonsfond/mindreforbruk frå tidlegare år

Med punkta over vil ikkje alt vere inndecka for å balansere budsjettet, men ein manglar kr 116500,-.

Om ein legg til grunn at ubrukte midlar for kjøp av varmestyringssystemet til Askvoll kyrkje kr 78.000,- i 2024-budsjettet vert ført som inntekt i 2025, vil ein likevel mangle kr 38.500,- for å få balanse.

Førebelse rekneskapstal (med alle atterhald) for 2024 viser at ein ligg an til eit totalt mindreforbruk på kr 93.128,- (før vedteke avsetning til disposisjonsfond kr 35.000,-).

Om ein brukar kr 78.000,- til varmestyringa vil det stå igjen kr 15.128,-, og ein manglar altså framleis kr 23.372,- for å få balanse.

Dette kan ein løyse med anten å kombinere bruk av eksisterande disposisjonsfond frå 2024 (kr 10.349,-) og gjere mindre justeringar på kr 13.000,- på punkta over eller andre delar av budsjettet for å få balanse.

Eller ein kan prøve å styrke 2024-rekneskapen med interne overføringar frå trusopplæringsmidlar til administrasjon grunna meirarbeid i kyrkjeadministrasjonen når det er vakanse i pedagogstillinga. Dette har ein gjort tidlegare år, men det er ikkje budsjettert med dette i 2024. Det er rimeleg at om lag 10% sekretærstilling vert kompensert for meirarbeidet som følgje av dette.

I så fall kan ein styrke resultatet med kr 57.450,- og ha god margin til å balansere 2025-budsjettet med bruk av mindreforbruk frå tidlegare år. Slik bruk skal i alle tilfelle verte godkjent av bispedømmerådet som fører kontroll med trusopplæringsmidlane.

Tabellen under legg til grunn at ein går for slik overføring og får balanse i driftsbudsjettet.

Ein bør gjere nye vurderingar til punkta over etter kvart i rekneskapsåret, særleg ut frå rekneskapsavslutninga 2024, evt. sjukelønnsrefusjonar, situasjonen for pedagogstillinga og andre forhold.

Justeringsforslag frå utvalet:

KTO	TENESTE	UNDERFINANSIERING FRÅ FØRRE VEDTAK	200500
		INNSPARINGAR/MEIRINNETEKTER:	
30800	04100	Godtgjerse folkevalde	-30 000
37800	04100	Interne overføringar	-22 000
30300	04200	Ekstrahjelp/timelønn (kyrkjer)	-20 000
31200	04200	Anna forbruksmaterieil/råvarer og tenester	-30 000
30300	04300	Ekstrahjelp på gravplassane	-25 000
30903	04300	Pensjonsinnskot – KLP	-2 000
30990	04300	Arbeidsgjevaravgift	-3 000
36600	04300	Sal av driftsmidlar	-25 000
37100	04300	Refusjon sjukepengar	-6 000
		UTGIFTSAUKE:	
32700	04100	Kjøp av tenester, konsulenttenester	1 000
32000	04200	Inventar og utstyr (varmestyring Askvoll)	78 000
		FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR:	
39300	08900	Bruk av tidl. års rekneskaps mindreforbruk	-116 500
39400	08900	Bruk av ubundne fond	0
		<i>DIFFERANSE</i>	<i>0</i>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek driftsbudsjett for 2025 i balanse med utgangspunkt i sak FR 2025/04 komplettert med justeringane som går fram av utvalet sitt forslag over.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek driftsbudsjett for 2025 i balanse med utgangspunkt i sak FR 2025/04 komplettert med justeringane som går fram av utvalet sitt forslag over.

UTGREIING

Tilsettingsprosessen for ny sokneprest i Askvoll er i gang, og bispedømmet tek sikte på snarleg utlysing med søknadsfrist 9. mars.

Prost Knut Magne Nesse har utarbeidd forslag til utlysningstekst, der Askvoll sokneråd er bedne om å komme med synspunkt og innspel.

Han seier den er forholdsvis lik den som vart brukt for 2 år sidan, men det er gjort tydeleg at ein ønskjer eit tettare samarbeid mellom prestane i Dale og Askvoll.

Vidare ønskjer Nesse at soknerådet gjer vedtak om at ein bed om at stillinga vert utlyst som PUU-stilling (prest under utdanning) om ein ikkje får kvalifiserte søkjarar.

Forslag til utlysningstekst:

Sokneprest i Sunnfjord prosti med Askvoll sokn som tenestestad.

Vi søker etter ein prest som vil vere ein tydeleg pastoral leiar for kyrkjelydane gjennom fokus på gudstenester og trusopplæring. Askvoll kommune er ein vakker og vital kystkommune med om lag 3000 innbyggjarar. Det er eitt sokn i kommunen og soknerådet har difor både sokneråd- og fellesrådsfunksjon. Det er gode kommunikasjonar til og frå kommunen med hurtigbåt til Bergen og flyplass på Bringeland, om lag ein times køyring frå Askvoll.

I Sunnfjord prosti er det 14 prestar. Prosten leier prestetenesta i prostiet og vi har regelmessig fagsamlinger. Faste gudstenestestader er dei tre kyrkjene Askvoll, Holmedal og Vilnes kyrkjer - samt kapella i Bulandet og i Kvammen. Båtreise med ferje eller skyssbåt til nokre av tenestene høyrer med. I soknet er også bedehuskapell i Værlandet og Stongfjorden. Askvoll kyrkje har blitt sett i svært god stand og høver godt til aktivitetar i trusopplæringa og liknande formål. Konrmantundervisninga er lagt til Askvoll kyrkje og er felles for heile kommunen.

Ved alle gudstenestestadene er det kyrkjelydsutval som deltek lokalt i dugnad med det kyrkjelege arbeidet. Det er stor oppslutnad om kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon og gravferd.

Soknepresten i Askvoll samarbeider med soknepresten i Fjaler og får elles vikarhjelp til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Vi ynskjer å vidareutvikle samarbeidet mellom desse to sokna om t.d. konfirmantundervisning, leiararbeid og tenesteveker. Statistikken for dei siste åra syner at det i snitt per år var 70 gudstenester, 25 døypte, 25 konfirmerte, 5 vigde og 40 gravlagde.

Staben har flytta inn i nye kontor i Askvoll sentrum og har i tillegg til sokneprest ein kyrkjuverje, organist, sekretær og kyrkjelydspedagog med samla 3,80 årsverk. Det er også tilsett kyrkjetenarar i fleire av kyrkjene.

Presten gjer teneste med andakt og besøk på Askvoll sjukeheim i samarbeid med organist. Askvoll har eit samarbeidsprosjekt om musikkterapi ved sjukeheimen i tillegg til dei vanlege andaktane.

Soknepresten deltek i kommunen sitt psykososiale kriseteam.

Askvoll prestegard er i bruk som prestebolig og i god stand. Den kan leigast til bustad.

Opplysningar om søkjarane kan verte offentleg sjølv om søkjarane ber om å bli unnatekne offentleg søkjarliste, jf. offentleglova § 25. Den som blir tilsett, må vise tilfredsstillande politiattest (barneomsorgsattest), jf. politiregisterloven § 39 jf. trossamfunnsloven § 20. Søknad med CV, vitnemål og referansar sendast elektronisk via WebCruiter.

Arbeidsoppgåver:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Konfirmantundervisning
- Deltaking i trusopplæring
- Soknerådsarbeid
- Stillinga inngår i Den norske kyrkja si ordning for beredskap

Kvalifikasjonar

Cand.Theol eller master

Personlege eigenskapar

- Erfaring med å samarbeid og inspirere frivillige
- Evne til å arbeide sjølvstendig
- God evne til å formidle til barn og vaksne.

Vi tilbyr

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd stillar seg bak utlysingsteksten som den ligg føre i forslaget frå prost Knut Magne Nesse.
2. Askvoll sokneråd bed om at stillinga som sokneprest vert utlyst som ein PUU-stilling dersom ein ikkje får søkjarar ved søknadsfristen sin utgang 9/3.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd stillar seg bak utlysingsteksten som den ligg føre i forslaget frå prost Knut Magne Nesse, men med ønskje om følgjande tillegg:

Vi ønskjer noko meir informasjon om kommunen i utlysinga, t.d. informasjon om turmoglegheiter, eit variert idretts- og fritidstilbod og skule/oppvekst. Det bør og komme med litt om samarbeid med nabosokna om trusopplæring.

2. Askvoll sokneråd bed om at stillinga som sokneprest vert utlyst som ein PUU-stilling dersom ein ikkje får søkjarar ved søknadsfristen sin utgang 9/3.